



MØTEBOK

Rådsmøte i Hardangerrådet iks

Dato: Torsdag 26.04.2018

Klokka 09.00 – 15.00

Stad: Odda rådhus

Til stades:

Granvin herad: Varaordfører Hans Jakob Mæland
Jondal kommune: Ordfører Jon Larsgard
Odda kommune: Ordfører Roald Aga Haug
Kvam herad: Ordfører Jostein Ljones - Rådsvaraordfører
Ullensvang herad: Ordfører Solfrid Borge
Ulvik herad: Ordfører Hans Petter Thorbjørnsen - Rådsordfører

Forfall:

Granvin herad: Ordfører Ingebjørg Winjum
Eidfjord kommune: Ordfører Anved Johan Tveit
Rådmannsforum: Rådmann Thore Hopperstad

I tillegg møtte:

Administrasjonen: Dagleg leiar Jostein Eitrheim og konsulent Trude Rinaldo

Inviterte gjester: Gunnhild Jåstad og Leif Øie, NIBIO/Siderklyngeprosjektet

Agenda:

09.00 – 10.30 Sakshandsaming
10.30 – 11.00 Rådmannsforum har fellesmøte med Hardangerrådet.
11.00 – 11.30 Orientering:
Forprosjekt siderklynge – Statusrapportering for prosjektet
v/ Gunnhild Jåstad og Leif Øie
11.30 – 12.30 Lunsj
12.30 – 15.00 Formannskapsalen: Sakshandsaming

Orienteringar:

Innkalling og sakliste vart godkjent.

Desse vart valde til å skriva under møteboka saman med rådsordfører:

Roald Aga Haug

Jostein Ljones

Saker til handsaming i Regionrådet:

Alle vedtak er samrøystes om ikkje anna er nemnt.

Saker til handsaming:

HR-sak 15/18 Saker innmeldte ved starten av møtet.

Vert tatt opp under sak 21/18.

- Toalettløsning for Bu og for Trolltunga
- Erasmus+ Mobilitetsprosjekt
- Vedtak i Hardanger ungdomsråd vedr. responstid for ambulanse

- Goodwill-ambassadør for Hardanger?
- Turistrute på Hardangerfjorden – Nedlegging av drift i regi av HFK
- Invitasjon til opning av Norsk Natursenter 4. mai – Gåve/helsing
- Sal av aksjar i lokale bompengeselskap
- Lyntogforum Støtte til vidare arbeid
- Skjønsmidlar Biogassanlegg Styringsgruppe
- Status Fase Hardangerrådet etter 2020
- Toalett ved Granvin terminal

HR-sak 16/18 Meldingar
Ingen meldingar framlagde.

HR-sak 17/18 Rapport frå ekspertutval: Nye oppgåver til fylkeskommunane. Uttale frå Hardangerrådet

Vedtak:

Hardangerrådet sender slik høyringsuttale til Kommunal- og moderniseringsdepartementet i samband med «Regionreformen – Desentralisering av oppgaver fra staten til fylkeskommunene»:

Hardangerrådet iks er regionråd for dei 7 kommunane/herada i Hardanger; Eidfjord, Granvin, Jondal, Kvam , Odda, Ullensvang og Ulvik. Hardanger har både byprega område og spreidd bygde område og vi arbeider for å oppretthalda folketal, arbeidsplassar og eit attraktiv utvikling av regionen i ei tid med aukande sentralisering. Hardanger har kommunar der statlege og fylkeskommunale arbeidsplassar gjennom mange år har vorte redusert gjennom nedlegging, omstrukturering og sentralisering.

Hardangerrådet støtter hovudprinsippa og vurderingane som vert lagt til grunn i ekspertutvalet sin rapport. Å flytta oppgåver og ansvar nærare innbyggjarane vil styrka lokaldemokratiet og medverka til betre utvikling av distriktsregionane.

Dei nye oppgåvene som skal overførast til fylkeskommunane må sjåast som eit høve til å styrkja distrikta i dei nye fylka gjennom at dei kan plasserast i regionsenter i fylka istaden for å verta knytt opp til den eksisterande fylkeskommunale administrasjonen.

Hardangerrådet vil særskilt kommentera desse områda i rapporten:

- Barnevern: Vi ser det som viktig at oppgåver innanfor barnevern vert handtert på eit lågast mogeleg nivå og vil difor sjå det som best om dette vert verande i kommunane (interkommunale samarbeid) under føresetnad at kompetanse og økonomiske rammer er tilfredsstillande.
- Klima, miljø og naturressursar: vi ser det som positivt at mynde for å fatta vedtak på dette feltet vert flytta til fylkeskommunen. Det bør etter avklaring om overførte oppgåver frå staten gjerast ein ny gjennomgang av delegasjonsreglementet i fylkeskommunen.
- Helse og levekår: Enkelte av oppgåvene innanfor dette området ivaretek behov hos ressurssvake grupper. Det krev at tilboda som vert gjevne er like for heile landet og det kan stillast spørsmål om noko t.d. Statped bør vidareførast som statleg ansvar.

For Hardangerregionen er det viktig å nemna nokre prosjekt det har vore arbeidd med over lengre tid for å etablera statlege funksjonar i regionen. Slik Hardangerrådet ser det er desse

prosjekta naturlege å utgreia nærare i samband med førebuing og gjennomføring av den oppgåveflyttinga som rapporten omtalar. Konkrete prosjekt i Hardanger er:

- Nasjonalt våpenkontor, (Hardanger lensmannskontor), Odda
- Norsk jordskiftesenter, Agatunet Ullensvang
- Forvaltning av freda industrianlegg, Odda/Tyssedal
- Nasjonalt fartøyvern, Norheimsund, Kvam

**HR-sak 18/18 Restmidlar Regionalt Næringsfond
Prinsipp for tildeling av midlar i samband med
framtidige søknader**

Vedtak:

Restmidlar RNH står som ein disponibel kapital som ein kan nytta om det kjem fellesprosjekt som fell innanfor retningslinene for RNH.

**HR-sak 19/18 Regional Næringsstrategi
Kjøp av rettar til å nytta planen**

Vedtak:

Saka vert utsett til neste møte i Hardangerrådet 14. juni 2018.

Leiar i Næringsshagen i Odda og leiar i Team Hardanger vert bedne om å orientera rådet om saka og korleis ein ser for seg at rapporten skal brukast framover.

**HR-sak 20/18 Orientering om viktige politiske saker i kvar kommune og i
Hordaland fylkeskommune – Orientering ved kvar ordførar.**

Ullensvang:

- Rv13 Ljosregulering Kyrkjenes – Berget har oppstart 9. mai.
Oppstart utbetningsarbeid kan starta neste år med forskotteringsfinansiering.

Odda:

- Reguleringsplan Seljestad – Liamyrane.

**HR-sak 21/18 Orienterings- og drøftingssaker –
Saker innmelde ved starten av møtet**

- Toalettløysing for Bu og for Trolltunga
Oppstart og realisering krev rask avklaring mht finansiering
Viktig å ha fokus på innkjøpsreglar og krav desse set til anbod.
Ullensvang herad og Eidfjord kommune vert oppmoda til raskt å vurdere om det kan gjevast lånegaranti for prosjektet.
- Erasmus+ Mobilitetsprosjekt
Informasjon
- Vedtak i Hardanger ungdomsråd vedr. responstid for ambulanse
Informasjon om vedtak i HU som inneber krav om lovpålagt responstid.
- Goodwill-ambassadør for Hardanger?
Administrasjonen førebur sak til neste rådsmøte.
Det vert sendt svar til Hans Jørgen Andersen, Visit Hardangerfjord
- Turistrute på Hardangerfjorden – Nedlegging av drift i regi av HFK
MISA har gjort vedtak om nedlegging av denne ruta i HFK-regi frå 2020.
Hardangerrådet er uroa over at dette kan medføre til reduksjon av ruteperiode og ruteplan dersom ruta vert vidareført som kommersiell båtrute.
Det vert teke initiativ til møte med samferdsledirektør HFK, og leiar av MISA.

- Invitasjon til opning av Norsk Natursenter 4. mai – Gåve/helsing
Jon Larsgard overrekkjer gåve. Administrasjonen finn passande gåve.
 - Sal av aksjar i lokale bompengeselskap
Takst- og rabattsystemet i det nye regionale bompengeselskapa er ikkje tilfredsstillande for eigarkommunane. Gjennom dialog med HFK har ein fått til noko betra system og selskapa skal no ha ny generalforsamling for å avgjera sal av aksjane. Frist 1. juni for å oppnå økonomisk effekt 10%-rabatt. Alle kommunane ser ut til å gå for sal av sine aksjar.
 - Lyntogforum Støtte til vidare arbeid
Lyntogforum har vore rundt i Hardanger og orientert kommunestyra om prosjektet. Kan Hardangerrådet gje ei verbal støtte til Lyntogforum?
Forslag til ordlyd var lagt fram og Hardangerrådet støttar denne.
 - Skjønsmidlar Biogassanlegg Styringsgruppe
Forslag til styringsgruppe:
Landbruksnæringa
Linga Laks
IHM/Lindum
Hardangerrådet
Hordaland fylkeskommune
NIBIO
Jondal kommune, ordførar
 - Status Fase 2 Hardangerrådet etter 2020
Rådsordførar, rådsvaraordførar og dagleg leiar har så langt vore i Ullensvang heradsstyre og Odda kommunestyre. Det vert orientering i Jondal kommunestyre 2. mai og Kvam heradsstyre 8. mai.
 - Toalett ved Granvin terminal
Stor endring i trafikk gjennom denne terminalen etter opning av Hardangerbrua. Administrasjonen tar ny kontakt med HFK vedr. toalett på terminalen i Granvin.
- Fellestur – program
Forslag om fellestur til Lofoten hausten 2018.
Administrasjonen legg fram forslag til program i neste rådsmøte 14. juni
- Digital infrastruktur til alle
Kvar kommune/herad svarar på denne saka.

Møteboka godkjent 26.04.2018.

Hans Petter Thorbjørnsen
Rådsordførar

Rådsmedlem
Roald Aga Haug

Rådsvaraordførar
Jostein Ljones